

25 nye flyktningar i året?

06.01.2014

Like før jul fekk kommunen ei ny oppmoding frå IMDi Vest om å auka flyktningemottaket. Kommunen vert beden om å fatta eit nytt vedtak i tråd med IMDi si oppmoding på 25 flyktningar i året i åra 2014, 2015 og 2016. Tidlegare har Kvinnherad vedteke mottak om busetting av 30 inklusiv 2 mindreårige i perioden 2014-2016, men no er oppmodinga om busetting av mindreårige trukke attende, Regjeringa har skreve til alle kommunar om situasjonen.

IMDi peikar på at meir enn 5000 flyktningar med innvilga opphaldsløyve no sit i asylmottak og ventar på ein kommune å busette seg i. Det er fleire enn nokon gong før og auka bosetting må til for å hindra at ventetalet aukar ytterlegare. Det er også naudsynt å auka bosettinga av omsyn til ventetida.

Målet er busetting innan eit halvt år etter vedtak om opphaldsløyve, for einslege mindreårige og barnefamiljar 3 månader. Det heiter i brevet at IMDi vil fordela kategoriane rettferdig på kommunane.

Av Ola Matti Mathisen